



ULSTEIN KOMMUNE



Kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2031

Konsekvensutgreiing

Vedteke i Ulstein kommunestyre sak 19/29
28.03.2019

NasjonalArealplanID
1516 2017

Sist revidert: 10.04.2019

Innhald

1. Innleiing	3
2. Metode	3
3. Strategiar for arealbruk	9
4. Konsekvensar av framlegg til ny arealbruk	11
4.1. Bustad	11
4.2. Fritidsbustad	16
4.3. Naust	18
4.4. Tenesteyting	20
4.5. Grav og urnelund	23
4.6. Småbåthamn	26
4.7. Næring	28
4.8. Fritids- og turistformål	31
4.9. Samferdsleanlegg	35
5. Vurdering av samla arealbruksendringar	50
6. Andre endringar i plankartet som ikkje er konsekvensutgreia	51

1. Innleiing

Plan- og bygningslova set krav til at endringar i kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og reguleringsplanar med vesentlege verknadar for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast. Nye utbyggingsområde skal konsekvensutgreiast i tråd med "Forskrift om konsekvensutredninger".

Utgreiingane skal vere tilpassa plannivået og skal vere relevant i forhold til dei avgjersler som skal takast og, så langt som det er mogeleg, basere seg på kunnskap som ligg føre, jamfør forskrifta sin § 9.

For kommuneplanens arealdel bør fokus for konsekvensutgreiinga vere å svare på spørsmål knytt til lokalisering og arealformål. Utgreiinga må få fram:

- viktige miljø- og samfunnsverdiar i dei føreslåtte utbyggingsområda
- verknadane utbygginga kan få for desse verdiane
- kva som kan gjerast for å avbøte negative verknadar

KU-forskrifta krev ei beskriving av verknadar både av dei enkelte utbyggingsområda, kvar for seg, og av dei samla arealbruksendringane i planen. Kravet om ei samla vurdering inneber eit overordna nivå der langsiktigheit og heilheit bør stå sentralt.

2. Metode

Kvart av dei forskjellige områda som blir omtala er avgrensa i kommuneplanen sin arealdel og blir systematisk vurdert og undersøkt for fleire tema innafor natur, miljø og samfunn.

Framlegga om arealbruksendringane blir vurdert ut frå Ulstein kommune sine hovudmål. Det blir brukt skjema for å oppsummere resultatane.

Miljøverndepartementet sin rettleiar ligg til grunn for utgreiinga, "T-1493 Konsekvensutredninger. Kommuneplanens arealdel". Etter denne rettleiaren skal ein gjennomføre konsekvensutgreiing på tre nivå:

- Konsekvensar av kvart enkelt utbyggingsområde som medfører at nye areal vert lagt ut til byggeområde, eller ved vesentleg endra arealbruk
- Vurdering av konsekvensane dei samla arealbruksendringane planen medfører
- Vurdering av konsekvensar av framlegg til strategi for framtidig arealbruk

Metode for konsekvensutgreiing av utbyggingsområde

Kvart av utbyggingsområda er vurderte i høve konsekvensar utbygginga vil ha for miljø og samfunn, jf. skjema under.

Tittel		Nr
Bakgrunn: Kva er føreslått for område?	Gnr/bnr: Kva gnr/bnr ligg innan området?	[Bilete]
Areal: Kor stort er arealet?		
Dagens arealbruk: Kva er der i dag?		
Planstatus: Er området regulert, føremål, kommuneplan?		

Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	-	
Naturmangfald	-	
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	--	
Landskap	0	
Landbruk	0	
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	
Folkehelse	0	
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	
Strategi for framtidig arealbruk	-	
Born og unge	0	
Samfunnstryggleik	--	
<i>Samla vurdering: Kort oppsummering, korleis vurderer ein konsekvensane samla sett?</i>		
Konklusjon: Kvifor vert område føreslått tatt inn i planen?		

Konsekvensar for kvart tema er vurderte etter ein tredelt skala:

0	Små negative-, ingen- eller positive konsekvensar
-	Middels negative- eller ukjende konsekvensar
--	Stor eller svært stor negativ konsekvens

Følgjande vurderingskriterium ligg til grunn for dei einiskilde tema:

Forureining og støy

Forureining er vurdert i høve til om føreslått byggetiltak vil føre til forureining, og om eit område med forureina grunn er tenkt brukt til byggeføremål.

Støy er vurdert utifrå i kva grad utbygging vil medføre sjenerande støy for omgjevnadane, og i kva grad utbygging vil verte utsett for støy frå eksisterande støykjelder.

Utbyggingsområde der det ikkje er påvist forureining/støy og utbyggingstiltak som ikkje er vurdert å gje slike konsekvensar, er vurdert som nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det vurdert som negativ konsekvens der det er påvist forureining/støy eller ein reknar med at utbyggingstiltak kan føre til dette.

Kunnskapsgrunnlag: GISLink (DOK) Vegstøy, trafikkanalyse Ulsteinvik sentrum (2010), GISLink (DOK) Forurenset grunn, lokalkunnskap.

Naturmangfald

Naturmangfaldlova §§ 8-12 ligg til grunn for vurdering av utbyggingsområde, m.a. av kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet og samla belastning for naturverdiar.

I utbyggingsområde og influensområde til desse der det ikkje er påvist naturtyperegistreringar er teksten "Ingen kjende registreringar" nytta i vurderinga. Dersom det ikkje går fram av kommentaren, er det heller ikkje vurdert som sannsynleg at det kan ligge føre andre artar eller naturtypar som ikkje er fanga opp i naturbasen og det er gitt nøytral/positiv konsekvens. Kravet etter nml §8 er såleis oppfylt. For desse områda er det ikkje funne naudsynt å gjere vidare vurderingar etter §§ 9-12 då det er lagt til grunn at verdfull natur ikkje vert vesentleg negativt påverka. Spesielle omsyn som er vurdert aktuelle er kort kommentert. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der det er påvist naturtyperegistreringar i utbyggingsområde eller influensområde, avhengig av vurdert negativ konsekvens for registreringa. Dersom det vert foreslått utbygging i område med slike registreringar eller vurderingar må det gjerast vidare vurderingar ev undersøkingar i samband med reguleringsplan slik at det vert teke naudsynte omsyn, jf nml §§ 9-12. Det er også gjennomført ei vurdering av samla verknader av planframlegget (sjå kap 6), jf. nml. §10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Kunnskapsgrunnlag: GISLink Vilt, Arter, (DOK) Vern, (DOK) Naturtyper, kartlegging av naturtyper i Ulstein kommune 2008, lokalkunnskap.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Kulturminne omfattar automatisk freda kulturminne (eldre enn 1536) og nyare tids kulturminne. Kulturmiljø viser til samanhengen eller heilskapen enkeltobjekt inngår i. Kulturlandskap er eit landskap som i større eller mindre grad er påverka av menneske (motsett av naturlandskap) og som viser samanhengen mellom natur- og kulturmiljø.

Utbyggingsområde der det ikkje er påvist kulturminne, -miljø, -landskap er gitt nøytral/positiv konsekvens. Utbyggingsområde der det er påvist kulturminne, -miljø, -landskap er gitt negativ konsekvens. Negativ konsekvens er eit varsko om å vise omsyn. Der slike registreringar inngår i område foreslått til utbygging, må nærare avklaring/ivaretaking skje gjennom reguleringsplan.

Potensiale for funn av automatisk freda kulturminne er omtala, men er ikkje teke omsyn til i vektinga. Omtalen er å sjå på som ei tilleggsopplysing og eit supplement til utgreiinga.

Kunnskapsgrunnlag: GISLink (DOK) Askeladden, (DOK) SEFRAK, Regional delplan for kulturminne av nasjonal og regional verdi, lokalkunnskap.

Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv

Det er vurdert om utbyggingsområde vil gripe inn i eller påverke nærmiljø/grøntstruktur/friluftsområde eller viktige influensområde til desse. Dersom det er forslag om bustadområde, er det vurdert om tilgangen til gode rekreasjonsområde er tilfredsstillande.

I utbyggingsområde og influensområde der det ikkje er påvist konflikt med nærmiljø/grøntstruktur/friluftsliv er det gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der det er påvist interessekonflikt i utbyggingsområde eller influensområde.

Kunnskapsgrunnlag: Kartlegging av friluftsområde, Gislink (DOK) Statlig sikra-MDIR, friluftsdatabasen FRIDA for M&R, lokalkunnskap.

Landskap

Det er vurdert om utbygging vil endre eller påverke karakteren i landskapet, silhuett og fjernverknad av utbygginga. For bustadområde er det også vurdert om området er attraktivt og med gode sol/klimatilhøve.

I utbyggingsområde der det ikkje er påvist konflikt med slike landskapsinteresser er det gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der det er påvist interessekonflikt i utbyggingsområde eller influensområde.

Kunnskapsgrunnlag: Lokalkunnskap/skjøn.

Landbruk

Konsekvensvurderinga for landbruk tek utgangspunkt i om arealet er i aktiv drift, om det har stor lokal verdi, og om vurdert areal består av dyrkbar jord.

I utbyggingsområde der det ikkje er påvist konflikt med landbruksinteressene er det gitt nøytral/positiv konsekvens. Omdisponering av viktig produksjonsareal er vurdert å ha svært negativ konsekvens. Omdisponering av dyrkbar jord er gitt ulik vektning, avhengig av området sin storleik og samanheng med andre landbruksinteresser.

Kunnskapsgrunnlag: GISLink (DOK) Jordkvalitet - NIBIO, (DOK) Vernskog – NIBIO, lokalkunnskap.

Samferdsle/transport

Det er vurdert om utbyggingsområde har tilkomst til offentleg veg, eventuell avstand til veg, og om der er kollektivdekning og gang-/sykkelveg. Behovet for nybygging er vurdert.

For utbyggingsområde der det er tilkomst, kollektivdekning og gang-/sykkelveg er det gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der samferdsle/transportløyisingane er mangelfulle og krev utbygging.

Kunnskapsgrunnlag: Lokalkunnskap, kart (grunnkart/plan), Trafikktryggingssplanen for Ulstein 2016.

Teknisk utbygging og infrastruktur

Det er bygd ut eit omfattande kommunalt vassleidnings- og avløpsnett i kommunen. Det er ei målsetting å nytte eksisterande investeringar best muleg ved nybygging. Avstand til offentleg eller privat vassverk inneber også eit tryggleiksmoment, då det gir betre tilgang på sløkkjevatn ved brann. Nærleik til offentleg vass- og avløpsleidning vert ut frå desse grunnane, vurdert som positivt. Det er også vurdert om utbyggingsområde er eigna for teknisk utbygging, med utgangspunkt i topografiske tilhøve.

For utbyggingsområde med nærleik til VA-løyisingar og som eignar seg for teknisk utbygging er det gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der VA-løyising manglar eller er mangelfull og der teknisk utbygging er krevjande.

Kunnskapsgrunnlag: VA-kart, lokalkunnskap.

Folkehelse

Det er vurdert om utbyggingsområde ligg slik til at dei fleste kan gå eller sykle til aktivitetar/arbeid, og om området har nærleik til turområde/friområde. Det er også vurdert om utbyggingsområde grip inn i eller påverkar turområde/friluftssinteresser.

Folkehelseperspektivet er også vurdert under følgjande tema:

- Forureining og støy
- Nærmiljø, grøntstruktur, friluftsliv
- Born og unge
- Samfunnstryggleik

Utbyggingsområde der det ikkje er påvist interessekonfliktar med folkehelse er gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der det er påvist konflikt med folkehelseperspektivet, slik det er definert her.

Kunnskapsgrunnlag: Lokale kartbasar (grunnkart) – avstand til sentrum o.l., lokalkunnskap

Befolkningsutvikling og tenestebehov

For bustadbygging er det vurdert avstand til barnehage/skule og sentrumsfunksjonar, og om utbygginga vil medføre behov for å auke kapasitet i barnehage/skule.

Auka busetnad vil generelt auke behovet for skule/barnehage. Ein har difor ikkje vurdert behov for auka kapasitet som negativt. Vurderinga i høve skule/barnehage tek føre seg om ei utbygging vil kunne nytte eksisterande tilbod, eller om ein må føresette nye utbyggingar/nye skular. Dei områda som ligg i tilknytning til eksisterande tilbod er vurdert å ha nøytral/positiv konsekvens. Dei områda som i mindre grad kan basere seg på eksisterande tilbod er vekta negativt. Økonomiske konsekvensar av å auke kapasiteten for desse funksjonane er det ikkje teke omsyn til i vektinga.

Kunnskapsgrunnlag: Skulebruksplanen, Kartdata (grunnkart) – måling av avstandar.

Strategi for framtidig arealbruk

Under dette punktet er det vurdert om foreslått tiltak vil ha negativ/positiv innverknad på strategiane som går fram av planomtalen.

For utbyggingsområde der det ikkje er vesentlege interessekonfliktar med framtidig arealstrategi er gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der det er påvist interessekonflikt.

Kunnskapsgrunnlag: Planomtale (grunnlag for planen).

Born og unge

Barnetrakkregistrering utført i 2015 som viser barn og unge sin bruk av areal, er utgangspunkt for dette temaet.

Utbygging som ikkje kjem i konflikt med areal brukt av barn slik dei er komne fram i barnetrakkregistreringa frå 2011, er gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ konsekvens der det er påvist konflikt med barnetrakkregistreringa.

Samfunnstryggleik

Heilskapleg ROS-analyse for Ulstein er under utarbeiding. Det er så langt i arbeidet ikkje gjort funn som tilseier at det må gjennomførast spesielle tiltak for å hindre uønska hendingar. ROS-analyse for arealdelen er oppdatert.

Utbygging som ikkje kjem i konflikt med kjende konsekvensar for samfunnstryggleiken, er gitt nøytral/positiv konsekvens. Tilsvarande er det gitt negativ eller svært negativ konsekvens der det er påvist risiko eller risiko ikkje er avklara.

Kunnskapsgrunnlag: Gislink (DOK) Aktsomhet-NVE, rapporten «Havnivåstigning i norske kystkommuner», temaveileiar frå DSB «Havstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunalplanlegging»

Samla vurdering

Nedst i tabellen er det gjort ei vurdering av kva konsekvensar tiltaket vil ha samla sett, der ein konkluderer etter den same tredelte skalaen som nemnt ovanfor. Der ein ser behov for konkrete tiltak, t.d. der ein veit det er behov for rassikring, er dette sagt i "samla vurdering". Behov for vidare utgreiingar er nemnde i kommentaren til kvart einskild tema, det er lagt til grunn at dette vert fylgt opp i seinare planlegging.

Den samla vurderinga er ikkje ei matematisk utrekning ut ifrå tal positive eller negative konsekvensar. T.d. kan ein ha "grøn konsekvens" på alle punkta utanom eitt som er raudt, men konsekvensane av dette eine temaet er så avgjerande at den samla konsekvensen likevel vert vurdert som raud.

Eventuelle konkrete avbøtande tiltak vert vurdert under dette punktet.

Vurdering av samla arealbruksendringar

I kap. 5 er det gjort ei vurdering av dei samla konsekvensane tiltaka fører til.

3. Strategiar for arealbruk

I planomtalen er det gjort greie for dei forskjellige arealbruksstrategiane:


Bygg og anlegg
<ul style="list-style-type: none">- Prioritet på fortetting av allereie utbygde område- Prioritet på lokalisering med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur- Leggje til rette for bustadbygging i alle krinsar- Leggje til rette for bu- og byggjetilbod for alle, uavhengig av alder og funksjonsgrad- Framtidig byutvikling skal vektlegge eigen identitet tufta på tettstaden si historie.- Tettstaden skal vidareutviklast med fokus på nyskaping, sosiale møteplassar, bulyst, aktivitet og tilrettelegging for eit konkurransedyktig næringsliv.- I arbeidet med fortetting skal vi finne gode løysingar i kryssing mellom næring (industri/handel), bustad/fritid og tettstadutvikling.- Planlegg med fokus på eit kompakt og fleir-funksjonelt sentrum.- Skape opne møtestader for teknologiutvikling på tvers av yrkesgrupper og alder, og tilpasse element frå "Smart Society og Smart City "- godt funksjonelt bymiljø som skal styrke Ulsteinvik sin posisjon som regionalt senter- lage ein områdeplan for sentrum med fokus på fortetting, struktur, parkering, sosiale møteplassar og rekreasjon- etablere forpliktande samarbeid om utvikling av handel og næring i Ulsteinvik sentrum- planlegge med fokus på eit kompakt og fleirfunksjonelt sentrum av Ulsteinvik der både handel, kontorarbeidsplassar og bustad skal finne sin plass- vidareutvikle sjøfronten i Ulsteinvik som eit aktivum- sikre at skuleområda i kommunen vert utvikla som attraktiv møteplass · arbeide for fortetting med gangavstand til sentrum/bypark- legge til rette for å auke folketalet på minst 1,5 % årleg i snitt i planperioden. Areal og utnytting for bustad må samsvare med denne målsettinga- satse på mindre bueiningar i konsentrert busetnad i heile kommunen og bustadblokker i sentrum- legge til rette for at eldre, sjuke og funksjonshemma får høve til å bu lengst mogleg i eigen bustad eller i ein tilpassa bustad- ha ei aktiv rolle i arbeidet med å skaffe og tilrettelegge bustader for grupper som har behov for særskilt tilrettelagde bustader, og dei som ikkje åleine vil make å skaffe seg ein eigna bustad- sikre areal til nærings- og industriutvikling- ha tilgjengeleg areal for bustadbygging i alle krinsar- legge til rette for turisme ved å sette av områder til fritids- og turistformål
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
<ul style="list-style-type: none">- Ulstein kommune skal arbeide aktivt for realisering av gode og framtidretta kommunikasjonsløysingar mot Ålesund, og for andre samferdselstiltak som er viktig for kommunen og regionen. Det skal leggest til rette for brukartilpassa, miljøvenlege og trafikksikre kommunikasjonsløysingar i kommunen- Etablere sykkelparkering på kollektivknutepunkta i Ulsteinvik og Garneskrysset ved fylkesveg 61. I nye reguleringsplanar i sentrum skal det innarbeidast overbygd sykkelparkering- Utbygging av gang- og sykkelveg i samsvar med vedteken trafikktryggingssplan som i lag med turveg skal vere med å leggje til rette for ferdsel utan bruk av bil.- samordna samferdsleplanlegging
Grønstruktur
<p>Prioritet på å sikre</p> <ul style="list-style-type: none">- areal for rekreasjonstilbod


<ul style="list-style-type: none"> - areal for nærmiljøanlegg og idrettsanlegg - areal for grønstruktur i bustadområde og sentrumsområde - areal for tilkomst til friluftsområde - område for uteundervisning og skuleaktivitet <p>Unngå utbygging og inngrep i</p> <ul style="list-style-type: none"> - større, samanhengande og lite påverka naturområde - inngrepsfrie strandområde og strandnære areal av noko lengde - inngrepsfrie eller nær inngrepsfrie øyar og holmar - eksisterande eller moglege friluftss- og utfartsområde (badeplassar o.a.)
<p>LNF-område</p>
<p>Prioritet på å</p> <ul style="list-style-type: none"> - oppretthalde mest mogleg av produksjonsgrunnlaget - ivaretaking av kulturlandskapet i landbruket - verdfull dyrka og dyrkbar jord, kulturlandskap og skogareal skal sikrast som ein ressurs for framtidige generasjonar <p>Unngå inngrep i</p> <ul style="list-style-type: none"> - samanhengande, godt arronderde jordbruksareal og høgproduktive, mindre areal - kulturlandskap av heilskapleg karakter - godt arronderde dyrkings- eller skogreservar med god jord
<p>Bruk og vern av sjø og vassdrag</p>
<p>Prioritet på</p> <ul style="list-style-type: none"> - Å reservere strandsone og strandnære område til aktivitetar som treng sjøtilgang - Fortetting eller utviding av allereie utbygde område - Lokalisering av nye utbyggingar med utgangspunkt i eksisterande infrastruktur - Å sikre areal for rekreasjonstilbod - Å sikre areal for tilkomst til friluftsområde <p>Unngå utbygging og inngrep i</p> <ul style="list-style-type: none"> - Inngrepsfrie strandområde og strandnære område av noko lengde - Inngrepsfrie eller nær inngrepsfrie øyar og holmar - Større, samanhengande og lite påverka naturområde - Eksisterande eller moglege friluftss- og utfartsområde (badeplassar o.a.)
<p>Andre mål og strategiar</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Kartfeste, sikre og formidle viktige kulturminne og kulturmiljø i Ulstein kommune - Utarbeide kulturminneplan med handlingsdel for Ulstein kommune. - Bygge opp kunnskap i lokalsamfunnet generelt og på politisk og administrativt nivå spesielt, om kulturminne og kulturmiljø i Ulstein kommune. - arbeide for at vår kulturarv vert ivareteken og nytta til å skape opplevingar for innbyggjarar og tilreisande - aktivt arbeide for å engasjere innbyggjarar, og spesielt barn og unge, i planprosessar som vedkjem denne gruppa - legge folkehelseperspektivet og universell utforming til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av tiltak - sikre ei berekraftig utvikling i kommunen, der omsynet til grøntverdiar, friluftsliv og biologisk mangfald skal vektleggast - resultatet av overordna risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) skal leggast til grunn for arbeidet med arealdelen med omsyn til både naturgitte og menneskeskapte hendingar - ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging


4. Konsekvensar av framlegg til ny arealbruk


4.1. Bustad

Skeide utmark		B102/B103
<u>Bakgrunn:</u> Det er føreslått bustadbygging.	<u>Gnr/bnr:</u> 6/2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 11, 23, m.fl.	
<u>Areal:</u> Ca. 186 daa		
<u>Dagens arealbruk:</u> Utmark/skogområde <u>Planstatus:</u> Ligg i kommuneplanen som LNFR, ikkje reguleringsplan		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	-	Utbygginga vil gje auka støy langs FV 25 og kommunal veg forbi allereie utbygd område Skeide. Område i seg sjølv er ikkje støyutsett.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	--	Område er utgangspunkt for friluftsområde og stinett til Nibben, Bugardsmyrane og Litlevatnet. Nærturterreng. Grønkorridor langs to elvar som må takast omsyn til.
Landskap	0	Ligg nær opp til eksisterande bustadfelt. Harmonerer med topp-kote for Ulsteinvik.
Landbruk	-	Ein mindre del av område er registrert som vernskog. Skogen har bonitet særst høg og høg.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Planlagt tilkomstveg er regulert med g/sveg . Også g/sveg langs fylkesveg. Turveg over Bugardsmyrane.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Utbygd VA-nett fram til område.
Folkehelse	0	Kort veg til marka, turstiar og andre fasilitetar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Vil truleg føre til auke i kapasitetsbehov for Ulstein skule.
Strategi for framtidig arealbruk	-	Bustadar i krinsane. Fortette allereie utbygd område. Strid mot vern av nærturterreng.
Born og unge	-	Er merka av i Barnetrakk.
Samfunnstryggleik	-	Mindre delar av området kan vere utsett for rasfare. Dette må vurderast på detaljreguleringsnivå. Har kort uttrykkingstid for brann o.l.
Samla vurdering: Er eit attraktivt og velegna område for bustadbygging. Vil ha middels konsekvens for skogbruk og stor konsekvens for nedbygging av nærturterreng. Må takast omsyn til ev. rasfare og grønkorridor.		


Joelva		B106
<u>Bakgrunn:</u> Det er føreslått å utvide areal nord for Joelva/Sundgotmarka II til frittliggende og konsentrerte bustadar.	<u>Gnr/bnr:</u> 29/2, 22, 28/3, 13	
<u>Areal:</u> ca 44 daa		
<u>Dagens arealbruk:</u> Området består av noko dyrka mark, skog og utmark.		
<u>Planstatus:</u> Ligg som LNFR i kommuneplanen, ikkje reguleringsplan.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Det er ikkje registrert forureining eller støy i området. Utbygginga vil gje auka støy langs kommunal veg forbi allereie utbygd område.
Naturmangfald	-	Eit mindre areal er dyrka mark, elles ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	-	Sone for grønstruktur, må takast omsyn til. Tursti gjennom området må ivaretakast som synt i kommuneplanen.
Landskap	0	Området ligg tett til store bustadområde. Ei fortetting vil ikkje ha negative konsekvensar for landskapet.
Landbruk	-	Ein mindre del av området ligg innanfor dyrka mark. Registrert som fulldyrka jord, inmarksbeite, myr, skog med høg bonitet og jorddekt fastmark.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Område ligg i tilknytning til kommunal veg som har delvis utbygd gang- og sykkelveg. Kort avstand til skule og barnehage.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Utbygd VA-anlegg i området. Området er stort sett egna for utbygging.
Folkehelse	0	Kort avstand til turområde og daglegvareforretning.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Bustadutbygging kan medføre behov for auka kapasitet i barnehage/skule.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Knyter seg til eksisterande infrastruktur. Tilbyr bustadar i krinsane.
Born og unge	0	Leik- og rekreasjonsområde i nærleiken.
Samfunnstryggleik	0	Ikkje rasutsett område eller høgspenningsanlegg.
Samla vurdering: Området ligg tett på andre bustadfelt og vegtilkomst kan enkelt forlengast i lag med annan infrastruktur. Kan gje gode tilhøve for folkehelse og born- og unge.		


Utviding Sundgot		B105
<u>Bakgrunn:</u> Det er føreslått å utvide bustadfelt på Legene med areal for bustadar.	<u>Gnr/bnr:</u> 29/2, 203	
<u>Areal:</u> ca. 4 daa		
<u>Dagens arealbruk:</u> Eit gardstun og dyrkamark. <u>Planstatus:</u> LNF i kommuneplan, ikkje reguleringsplan.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	-	Eit bygg er registrert i SEFRAK-registeret.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Området ligg nær marka.
Landskap	0	Ligg tett på anna utbygd areal.
Landbruk	--	I stor grad fulldyrka mark. Noko skog med høg bonitet og innmarksbeite.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Område ligg i tilknytning til kommunal veg. Gang og sykkelveg først ved fylkesveg. Kort avstand til skule og barnehage.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Utbygd fram til området med teknisk infrastruktur.
Folkehelse	0	Kort veg til område som kan nyttast til friluftsliv.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Bustadutbygging vil truleg ikkje medføre behov for auka kapasitet i barnehage/skule.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Fortetting av allereie utbygd område. Tilbyr bustadar i krins.
Born og unge	0	Nokre born går til og frå skule. Tilkomst til idrettsanlegg bør takast omsyn til.
Samfunnstryggleik	-	Ein EL-kabel går i nærleiken av område og må takast omsyn til. Område er ikkje rasutsett.
Samla vurdering: Vil få middels til store konsekvensar for dyrkamarka og landbruk.		

Utviding Tueneset		B04
<u>Bakgrunn:</u> Det er føreslått å utvide bustadfelt på Tueneset med 5 tomter for frittliggande bustadar.	<u>Gnr/bnr:</u> Kva gnr/bnr ligg innan området?	
<u>Areal:</u> Kor stort er arealet		
<u>Dagens arealbruk:</u> Kva er der i dag? <u>Planstatus:</u> Ligg som LNF i kommuneplanen, ikkje reguleringsplan.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Ingen kjende registreringar.
Landskap	-	Allereie utbygd område. Bebyggelsen vert liggande høgt i terrenget, det er viktig å hindre silhuettverknad av bustadane.
Landbruk	0	Vil ikkje få konsekvensar for landbruket.
Samfunn		
Samferdsle/transport	-	Ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesveg. Denne ligg som framtidig i kommuneplanen.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur er bygd til område.
Folkehelse	0	Nærleik til strandsone.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Vil truleg ikkje medføre behov for auka kapasitet i barnehage/skule.
Strategi for framtidig arealbruk		
Born og unge	0	Vil ikkje påverke område nytta av born og unge.
Samfunnstryggleik	0	Området er ikkje utsett for ras.
Samla vurdering: Naturleg utviding på Tueneset då det allereie er tenkt ei heilskapleg utbygging her med areal som vart lagt ut i førre rullering av kommuneplanen. Utbygginga fører til få konflikhtar. Viktig å unngå silhuettverknad av bustadane. Sjå føresegn § 7.1.		

Mylna		B104
<u>Bakgrunn:</u> Bustadar med ev. næring i 1. etasje.	Gnr/bnr: 25/17, 36, 51,52	
<u>Areal:</u> Ca 2 daa		
<u>Dagens arealbruk:</u> Nokre lagerbygningar. <u>Planstatus:</u> I kommuneplan er området avsett til næringsbebyggelse. Reguleringsplan med føremål fiskebruk.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Ingen kjende registreringar.
Landskap	0	Kan gli godt inn i landskapet i lag med bustadblokk mot sør.
Landbruk	0	Ikkje relevant.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Tilkomst frå kommunal veg med fortau. Lite behov for motorisert transport.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur er utbygd.
Fiskeri	-	Tiltaket fører til redusert regulert areal for landanlegg for fiskeriinteressene.
Folkehelse	0	Nærleik til sentrum og Saunesparken.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Bustadutbygging vil truleg ikkje medføre behov for auka kapasitet i barnehage/skule.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Positivt med fortetting i sentrum.
Born og unge	0	Området er ikkje nytta av born og unge.
Samfunnstryggleik	-	Området er ikkje rasutsett. Må takast omsyn til mogeleg havnivåstigning ved detaljregulering.
Samla vurdering: Området har få konsekvensar ved utbygging og det vert sett positivt på fortetting i sentrum og nærleiken til sentrum som minskar transportbehovet. Sjå føresegn § 7.1.		



4.2. Fritidsbustad

Garnes		Fr101
<u>Bakgrunn:</u> Det er foreslått å legge inn areal for fire rorbuer på Garnes.	<u>Gnr/bnr:</u> 20/67	
<u>Areal:</u> Ca 0,3 daa		
<u>Dagens arealbruk:</u> Skogkledd strandsone. Er lagt ut ei flytebrygge til område. <u>Planstatus:</u> Ligg som LNF i kommuneplanen, ikkje reguleringsplan.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	-	Ligg innanfor lokalt viktig kulturlandskap, men i område som allereie er utbygd.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Tilrettelegg for strandretta friluftsliv. Må ta omsyn til å ikkje privatisere område rundt.
Landskap	0	Ligg skjerma til i ei vik.
Landbruk	-	Område består av skog med særskilt høg bonitet.
Samfunn		
Samferdsle/transport	-	Manglar noko tilkomst. Går ein traktorveg nesten til område. Kort veg til kollektivknutepunkt ved Garneskrysset. Manglande gang- og sykkelveg på strekninga, men det er starta opp detaljregulering.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Privat VA-anlegg på Garnes.
Folkehelse		Strandsone. Kort avstand til Myrvåg. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje aktuelt.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Opnar for bygging i allereie utbygd strandsone.
Born og unge	0	Ingen vesentlege konsekvensar.
Samfunnstryggleik	-	Ikkje rasutsett område. Må ta omsyn til mogeleg havnivåstigning og stormflo.
Samla vurdering: Middels konsekvensar ved utbygging av rorbuer. Sjå føresegn § 7.1.4.		

Håheim		Fh101
<u>Bakgrunn:</u> Det er foreslått å legge inn areal fritidsbebyggelse på Håheim	<u>Gnr/bnr:</u> 19/9	
Areal: Ca 40 daa		
<u>Dagens arealbruk:</u> Området består av skrinn og open fastmark. <u>Planstatus:</u> Ligg som LNF i kommuneplanen, ikkje reguleringsplan.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støv	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Ingen kjende registreringar.
Landskap	-	Ligg i eit ubebygde område
Landbruk	-	Ikkje aktuelt
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	God tilkomst frå Manglande gang- og sykkelveg på strekninga, men det er starta opp detaljregulering.
Teknisk utbygging og infrastruktur	-	Privat VA-anlegg på Håheim
Folkehelse		Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje aktuelt.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Opnar for fleire fritidshytter i eit populært område
Born og unge	0	Ingen vesentlege konsekvensar.
Samfunnstryggleik	-	Området kan vere rasutsett og dette må vurderast på detaljreguleringsnivå.
Samla vurdering: Middels konsekvensar ved utbygging av fritidsbebyggelse i området.		


4.3. Naust

Naust Spjutøysundet		Fn101
<u>Bakgrunn:</u> Det er føreslått å legge inn naust i frådelt tomter ved Spjutøysundet.	<u>Gnr/bnr:</u> 32/44	
<u>Areal:</u> Ca. 0,3 daa.		
<u>Dagens arealbruk:</u> Strandsone. Eit naust er bygd utanfor område. <u>Planstatus:</u> Ligg som LNF i kommuneplanen, ikkje detaljregulert.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	-	Påvist raudlista dyre- og fugleartar utanfor område.
Kulturminne, -miljø og -landskap	-	Ligg innanfor lokalt viktig kulturlandskap, men i område som allereie er utbygd.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Tilrettelegg for strandretta friluftsliv. Må ta omsyn til å ikkje privatisere område rundt.
Landskap	0	Ligg skjult til i Spjutøysundet, men gir auka nedbygging av strandsona.
Landbruk	0	Ikkje relevant.
Samfunn		
Samferdsle/transport	-	Traktorveg/sti til område. Ikkje bygd gang- og sykkelveg langs fylkesveg, men ligg som framtidig i kommuneplanen.
Teknisk utbygging og infrastruktur	-	Teknisk infrastruktur er bygd ut til bustadfelt.
Folkehelse	0	Strandsone. Ca. 3 km til næraste daglegvareforretning. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Opnar for bygging i allereie utbygd strandsona.
Born og unge	0	Ingen vesentlege konsekvensar.
Samfunnstryggleik	-	Må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo.
Samla vurdering: Lite til middels konsekvensar ved utbygging.		



Naust Skeide		Fn102
<u>Bakgrunn:</u> Det er føreslått å utvide naustrekka på Skeide	<u>Gnr/bnr:</u> 6/2	 <p>Gjeldande regulering</p> 
<u>Areal:</u> Ca. 0,9 daa.		
<u>Dagens arealbruk:</u> Strandsone inntil eksisterande naustrekke. <u>Planstatus:</u> Området er regulert til jordbruksområde.		

Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar
Kulturminne, -miljø og -landskap	-	Ligg innanfor lokalt viktig kulturlandskap, men i område som allereie er utbygd.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Tilrettelegg for strandretta friluftsliv. Må ta omsyn til å ikkje privatisere område rundt.
Landskap	0	Ligg skjult til i Spjutøysundet, men gir auka nedbygging av strandsona.
Landbruk	-	Jordbruksområde. Naustet vil ligge heilt i strandsona.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Kort avstand frå fylkesveg. Traktorveg til område. Gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur ligg langs fylkesvegen.
Folkehelse	0	Strandsone. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Opnar for bygging i allereie utbygd strandsona.
Born og unge	0	Ingen vesentlege konsekvensar.
Samfunnstryggleik	-	Må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo.
Samla vurdering: Små konsekvensar ved utviding av naustrekka.		

4.4. Tenesteyting

Barnehage Halsekerdalen		OP101
<u>Bakgrunn:</u> Det er foreslått å setje av areal i Halsekerdalen i sentrum til ny barnehage.	<u>Gnr/bnr:</u> 9/460, 10/100	
<u>Areal:</u> Ca. 6,5 daa.		
<u>Dagens arealbruk:</u> Bygd tilkomstveg til område. Elles noko skog og mark. <u>Planstatus:</u> Ligg som bustad i kommuneplanen, detaljregulert til konsentrert og frittliggande småhus.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	-	Støy frå Halsekerdalen må takast omsyn til. Tiltaket kan føre til noko støy for bustadane rundt.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	-	Må takast omsyn til grønkorridor utanfor planområde.
Landskap	0	Ligg i tett utbygd område.
Landbruk	0	Ikkje relevant.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Tilkomst er bygd i lag med gang- og sykkelveg til sentrum.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur inkludert fjernvarme er bygd ut i område.
Folkehelse	0	Kort veg til sentrum. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Positivt med fortetting i sentrum.
Born og unge	0	Ingen spesielle konsekvensar.
Samfunnstryggleik	0	Ingen kjende registreringar.
Samla vurdering: Lite til middels konsekvensar ved utbygging av område. Må takast omsyn til støy frå kommunal veg og at tiltaket kan føre til støy. Omsynet til grønkorridor må takast i vare.		


Offentleg Sundgotane		OP102
<u>Bakgrunn:</u> Det er foreslått å endre formålet bustad til offentlig tenesteyting for å sikre areal til ev. framtidig barnehage.	<u>Gnr/bnr:</u> 29/1, 247	
<u>Areal:</u> Ca. 12 daa.		
<u>Dagens arealbruk:</u> Fulldyrka jord og skog. <u>Planstatus:</u> Ligg som bustad i kommuneplanen, ikkje detaljregulert.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	-	Må takast omsyn til støy frå fylkesveg og ev. støy frå tiltaket for bustadane rundt.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Ingen spesielle konsekvensar.
Landskap	0	Ligg i allereie tett utbygd område.
Landbruk	--	Består av fulldyrka jord og skog med høg bonitet.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Kort veg til kollektivhaldeplass. Gang- og sykkelveg langs fylkesveg.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur er bygd ut fram til område.
Folkehelse	0	Ligg sentralt til i krinsen. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Strategi for framtidig arealbruk	-	Positivt med fortetting i allereie utbygd område. Negativt å byggje ned dyrkamark.
Born og unge	0	Ingen spesielle konsekvensar.
Samfunnstryggleik	-	Må takast omsyn til EL-kablar som går gjennom område.
Samla vurdering: Vil få middels til store konsekvensar for dyrkamarka. Område er støytsett og kan vere støygivande.		

Offentleg Sundgot		OP103
<p><u>Bakgrunn:</u> Det er føreslått å endre formålet idrettsanlegg til offentlig tenesteyting for å sikre areal til ev. framtidig barnehage.</p> <p><u>Areal:</u> Ca. 8,6 daa.</p> <p><u>Dagens arealbruk:</u> Utmark</p> <p><u>Planstatus:</u> Regulert til idrettsanlegg</p>	<p><u>Gnr/bnr:</u> 29/1, 8</p>	 <p>Gjeldande regulering</p> 
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ikkje støyutsatt
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	0	Ingen kjende registreringar.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	-	Arealet er regulert til idrettsanlegg.
Landskap	0	Ligg inntil allereie utbygd område.
Landbruk	0	Ikkje aktuelt
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	CA 500 meter til busstopp. Gangavstand frå eksisterande bustadområde.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur er bygd ut fram til område.
Folkehelse	0	Ligg sentralt til i krinsen. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Strategi for framtidig arealbruk	0	Positivt med fortetting i allereie utbygd område.
Born og unge	0	Ingen spesielle konsekvensar.
Samfunnstryggleik	0	Ingen spesielle konsekvensar.
Samla vurdering: Vil få små eller ingen konsekvensar for dyrkamarka.		

4.5. Grav og urnelund

Gravplass alt. 1		G101-102
<u>Bakgrunn:</u> Område er føreslått utnytta til gravplass.	<u>Gnr/bnr:</u> 7/2, 5	
<u>Areal:</u> Ca. 12,0 daa		
<u>Dagens arealbruk:</u> Fulldyrka jord. <u>Planstatus:</u> Delar av område vart unnateke rettsverknad i førre rullering grunna motsegn. Andre del ligg som LNF.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	0	Ingen kjende registreringar.
Naturmangfald	-	Ligg tett på viktig naturtype som må takast omsyn til.
Kulturminne, -miljø og -landskap	--	Område inneheld fleire kulturminne.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Ligg like ved viktig sandstrand. Tiltaket kan vere positivt i form av å tilføre parkpreg til område.
Landskap	-	Ligg innanfor heilheitleg kystlandskap og er eit område med eit særleg særpreg på landskapsforma.
Landbruk	--	Fører til nedbygging av dyrkamark.
Samfunn		
Samferdsle/transport	0	Tilkomst til område er opparbeida i lag med gang- og sykkelveg.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur er bygd ut fram til område.
Folkehelse	0	Kort veg frå sentrum. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Strategi for framtidig arealbruk	-	Positivt med fortetting. Negativt for kulturminne og dyrkamark.
Born og unge	0	Ingen spesielle konsekvensar.
Samfunnstryggleik	-	Må takast omsyn til utgraving av strandbaren frå sjø/havnivåstigning og stormflo.
Samla vurdering: Positivt med fortetting/utviding av tiltaket. Store negative konsekvensar for dyrka mark og kulturminne. Formannskapet har i sak 17/67 valt å leggje inn området i planen. Sjå § 1.2.6 i føresegnene.		

Gravplass alt. 2		
<u>Bakgrunn:</u> Område er føreslått utnytta til gravplass.	<u>Gnr/bnr:</u> 7/4, 11, 449, 644	
<u>Areal:</u> Ca 15,5 daa.		
<u>Dagens arealbruk:</u> Området er bebygd og har gjengrodd dyrkamark. <u>Planstatus:</u> Område ligg som bustad og friområde i kommuneplan, detaljregulert til bustad og anna friområde.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	-	Må takast omsyn til støy frå fylkesveg.
Naturmangfald	0	Ingen kjende registreringar.
Kulturminne, -miljø og -landskap	--	Område inneheld fleire kulturminne.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Ligg like ved sand-/steinstrand. Tiltaket kan vere positivt i form av å tilføre parkpreg til område.
Landskap	-	Ligg innanfor heilheitleg kystlandskap og er eit område med eit særleg særpreg på landskapsforma.
Landbruk	-	Fører til nedbygging av dyrkbar mark. Marka er gjengrodd pr. i dag.
Samfunn		
Samferdsle/transport	-	Tilkomst til område er opparbeida i lag med gang- og sykkelveg langs fylkesveg. Ikkje overgangsfelt over fylkesveg.
Teknisk utbygging og infrastruktur	0	Teknisk infrastruktur er bygd ut fram til område.
Folkehelse	0	Kort veg frå sentrum. Ingen spesielle konsekvensar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Strategi for framtidig arealbruk	-	Positivt med fortetting. Negativt for kulturminne, dyrkamark og eksisterande bustader.
Born og unge	0	Ingen spesielle konsekvensar.
Samfunnstryggleik	0	Ingen kjende registreringar.
Samla vurdering: Delar av område er allereie utbygd. Får ein todelt gravplass sjølv om avstanden er kort. Store negative konsekvensar for kulturminne og middels konsekvensar for dyrkamark. Arealet er ikkje tatt med i planen.		

Gravplass alt. 3		
<u>Bakgrunn:</u> Område er føreslått utnytta til gravplass.	<u>Gnr/bnr:</u> 7/1, 3 218, 423, 424, 489, 549, 559 mfl.	
<u>Areal:</u> Ca. 19 daa.		
<u>Dagens arealbruk:</u> Fulldyrka jord, innmarksbeite og jorddekt fastmark. <u>Planstatus:</u> Område ligg som LNF i kommuneplanen, ikkje detaljregulert.		
Tema	Konsekvens	Vurdering
Miljø		
Forureining og støy	-	Må takast omsyn til støy frå fylkesvegen.
Naturmangfald	-	Registrert nokre nær trua fugleartar i område.
Kulturminne, -miljø og -landskap	--	Område inneheld fleire kulturminne.
Nærmiljø, grønstruktur, friluftsliv	0	Tiltaket kan vere positivt i form av å tilføre parkpreg til område.
Landskap	-	Ligg innanfor heilheitleg kystlandskap og er eit område med eit særleg særpreg på landskapsforma.
Landbruk	--	Fører til nedbygging av dyrkamark.
Samfunn		
Samferdsle/transport	-	Tilkomst til område er opparbeida i lag med gang- og sykkelveg langs fylkesveg. Ikkje overgangsfelt over fylkesveg.
